

**I 2014 fyller Grunnlova 100 år og det vert markert gjennom eit tett program også i Kvinnherad. Ein av dei som deltek er uskedeling og jusprofessor Jørn Øyrehagen Sunde som stillar opp i ramma til senioruniversitetet 24. april. Det skjer i Kvinnherad kyrkje og føredraget heiter Frå Gud og neste til stat og medborgar.**

Det endelege programmet vil bli presentert i kommunestyret 13. februar. Dagen etter kjem professor Frank Aarebrot til Husnes for å snakka om Grunnlova sett utanfrå og historikar Tor Bringedal tek for seg stoff frå boka han har gjeve ut for få veker sidan.